



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1136 - 17/27378

Saksbehandlar:  
Dina Dyrhovden  
dina.dyrhovden@lindas.kommune.no

Dato:  
26.09.2017

## Vedtekter for Kommunalt ForeldreUtval KFU i Lindås kommune

### 1. FØREMÅL

KFU skal vere eit samordnande og koordinerande organ for foreldreråda ved alle barnehagane og grunnskulane i kommunen og ha som formål

- å arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldra, barnehagen/skulen, administrasjonen og politiske vedtaksorgan i kommunen
- vere eit høyringsorgan og eit rådgivande organ på vegner av foreldra ved alle barnehagane/grunnskulane i kommunen
- drive informasjonsarbeid og idéskaping og hjelpe til med erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom dei ulike barnehagane/grunnskulane i kommunen
- leggje til rette for større foreldreengasjement for gode oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge i Lindås kommune

### 2. ORGANISERING

#### 2.1 Samansetjinga av utvalet

Utvalet er samansett av 11 foreldrerepresentantar frå barnehage (4) og grunnskule (7) og har slik representasjon:

Ostereidet ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular	Knarvik ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular	Lindås ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular
Repr ungdomsskule (2 år)	Repr ungdomsskule (1 år)	Repr ungdomsskule (2 år)
Repr for barneskule (1 år)	Repr barneskule (2 år)	Repr barneskule (1 år)
	Repr privat skule (2 år)	
Repr barnehage (priv) (2 år)	Repr barnehage (priv) (1 år)	Repr barnehage (komm) (1 år)
	Repr barnehage (komm) 2 år	



FAU ved barnehagar og skular nominerer representantar. Kvar medlem skal ha ein personleg vara. Er det faste medlemmet forhindra frå å møte, må vedkommande sjølv melde frå til sin vara. Dersom utvalet ønskjer det, kan ein velje eit arbeidsutval på inntil to medlemmer i tillegg til sekretær.

## 2.2 Valordning

Medlemmene til utvalet skal helst veljast på slutten av vårhalvåret eller seinast to veker etter skulestart om hausten. Funksjonstida for utvalet følgjer skuleåret, og medlemmene blir valde for to år om gongen. Utvalet vel leiar, nestleiar og sekretær med ei funksjonstid på eitt år. For å få kontinuitet i arbeidet vert det lagt opp til at om lag halvparten av medlemmane vert valt for 1 eller 2 år.

## 3. MØTEORDNINGAR/SAKSGANG

### 3.1 Møte

Utvalet held møte når leiaren, den som har det administrative ansvaret for skule- og barnehagesaker i kommunen, eller 2/3 av medlemmene krev det. Det blir sett opp ein møteplan for kvart halvår. Utvalet får innkalling til møtet ei veke på førehand. Oppvekstleiar eller representant(ar) for dette organet, har møte- og talerett i utvalet, men ikkje stemmerett. Med omsyn til saker som utvalet vil ta opp, kan utvalet invitere personar som ikkje er medlemmer, til å vere med på møtet med talerett.

### 3.2 Voteringar

Saker som blir tekne opp og krev votering i KFU eller arbeidsutvalet, blir vedtekne med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren i utvalet dobbelstemme.

### 3.3 Saksgang

Utvalet fører møtebok og sender fråsegner og referat frå møta til utvalet som har ansvar for barnehage/skulesaker i kommunen (Utval for levekår), administrasjonen, barnehagar/skular og FAU ved barnehagane og skulane.

### 3.4 Saker

KFU skal konsentrere verksemda si om større saker der det er naturleg eller ønskjeleg å stå fram samla på vegner av barnehagane/skulane/FAU. Utvalet avgjer sjølv kva saker det gjeld, etter eigne framlegg, framlegg frå dei ulike FAU eller framlegg frå skuleadministrasjonen. Sakene bør gjelde alle skulane og/eller barnehagane i kommunen eller grupper av dei, men i spesielle tilfelle kan ein òg behandle enkeltsaker som gjeld berre éin skule, men som har allmenn interesse.

## 4. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal vere gjennomført innan utløpet av mars månad. Innkalling skal skje seinast 4 veker før årsmøtet. Saker til behandling skal vere styret i hende seinast 2 veker før årsmøtet. Sakspapir vert sendt ut seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet består av KFU sine 11 medlemmar. FAU ved skular og barnehagar som ikkje har representant i KFU kan møte med ein (1) representant som har tale- og stemmerett. Fra årsmøtet vert det ført protokoll, som vert sendt til alle FAU, skular og til administrasjonen.

## **5. ØKONOMI**

KFU har ikkje noko fast driftssum frå kommunen over budsjett for barnehage og skule. I samband med spesielle prosjekt/arbeidsoppgåver kan ein søkje om midlar.

## **6. ENDRINGAR I VEDTEKTENE**

Berre årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene. Forslaga må vere komne inn til styret før 1. februar, slik at dei kan liggje ved innkallinga til årsmøtet. Vedtak om vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene.

## **7. OPPLØYSING**

Å løyse opp organisasjonen krev 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene på årsmøtet. Dersom oppløysinga blir vedteken, skal årsmøtet avgjere korleis evt. midlar skal fordelast.

Vedtekne i møte 25.10.17

Kristin Moe  
kommunalsjef

Dina Dyrhovden  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*